



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Silje Aileen Hjortland Haukedal, 5557 2351

Vår dato  
31.07.2014  
Dykkar dato  
26.06.2014

Vår referanse  
2014/6682 423.1  
Dykkar referanse

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### **Sakskostnader - Radøy – gnr. 23 bnr. 7 - Marøy - Avvisningsvedtak - Utsleppsløyve**

Vi syner til krav frå Advokatfirmaet Torkildsen & Co AS v/advokat Nina Kibsgaard om dekning av sakskostnader i ovannemnde klagesak.

#### **Vedtak:**

**Radøy kommune vert pålagt å dekkje sakskostnader til Advokatfirmaet Torkildsen & Co AS med kr 4 500,- inkl. mva, jf forvaltningslova (fvl) § 36 første ledd.**

#### **Bakgrunn:**

Advokatfirmaet Torkildsen & Co AS v/advokat Nina Kibsgaard sette i brev datert 26.06.2014 fram krav om dekking av sakskostnader på vegner av Vidar Marøy.

Sakskostnadskravet er sett fram på grunnlag av at Fylkesmannen i vedtak datert 23.06.2014 har oppheva Radøy kommune sitt vedtak av 09.12.2013.

Radøy kommune har i brev datert 29.07.2014 uttalt at dei ikkje har merknadar til sakskostnadskravet.

Fylkesmannen finn saken tilstrekkelig opplyst, jf fvl § 17.

#### **Fylkesmannen sin vurdering:**

Forvaltningsloven gjeld for Fylkesmannen si behandling av saka.

Det følger av fvl § 36, første ledd:

*”Når et vedtak blir endret til gunst for en part, skal han tilkjennes dekning av vesentlige kostnader som har vært nødvendig for å få endret vedtaket, med mindre endringen skyldes partenes eget forhold eller forhold utenfor partenes og forvaltningens kontroll, eller andre særlige forhold taler mot det.”*

I denne saka har Fylkesmannen oppheva Radøy kommune sitt vedtak av 09.12.2013. Vedtaket er dermed endra «til gunst».

Hovudregelen er at ein part skal få dekt vesentlege og nødvendige sakskostnadar ved ei kvar

endring av enkeltvedtak til gunst for parten, jf. Justisdepartementet sitt rundskriv G-37/95. Ved vurderinga av om bistanden har vore nødvendig, skal det leggjast vekt på kor vanskeleg saka er, om saka har eit komplisert faktum eller reiser kompliserte juridiske spørsmål.

Det følgjer av Geir Woxholt, Forvaltningsloven med kommentarer, 3. utgave fra 1999 s. 466 at:

*”Vurderingen etter nødvendighetskriteriet må ta utgangspunkt i partens subjektive oppfatning- ikke om utgiftene mer objektivt sett har vært nødvendige for å endre vedtaket, jf. Echhoff/Smith s. 539, jf. også Ombudsmannens uttalelse i Årsmeldingen 1982 s. 116, 1985 s. 92 og 1986 s. 89, samt lovavdelingens uttalelse jnr 1123/89E (se Matheson og Woxholt, Lovavdelingens uttalelser, Supplementsutgave, 1993 s. 214). Det er derfor ikke ubetinget avgjørende om utfallet kunne ha blitt det samme uten advokathjelp”.*

Det er etter dette tilstrekkeleg at parten hadde grunn til å tru at bistand var nødvendig. Saka omhandlar juridiske problemstillingar av ein slik karakter at ein ut i frå parten sin subjektive ståstad må anta at det har vore nødvendig med advokatbistand.

Fylkesmannen finn etter ei konkret vurdering at det i denne saka ikkje er grunnlag for å fråvike hovudregelen om at klagar har krav på å få dekt nødvendige utgifter.

Fylkesmannen finn at bistanden som har vore mellom kommunens vedtak datert 09.12.2013 og Fylkesmannens vedtak datert 23.06.2014 har vore «nødvendig» for å få endra vedtaket, jf fvl § 36.

Det tilkjennest dermed dekning av sakskostnader med kr 4 500,- inkl. mva., jf fvl § 36.

Fylkesmannen ber om at Radøy kommune betalar kr 4 500,- til Advokatfirmaet Torkildsen & Co AS sin klientkonto 8101.28.60757.

Med helsing

Svein Bjerken e.f.  
fung. avdelingsdirektør

Silje Aileen Hj. Haukedal  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Advokatfirmaet Torkildsen & Co v/advokat Nina Kibsgaard, Bryggen 15, 5003 Bergen